



Dyrkolbotn Fjellstove
Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7875 - 15/23033

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.06.2015

Utsleppsløyve - gråvatn frå driftsbygging - gbnr. 247/10 - Dyrkolbotn

Administrativt vedtak. Saknr: 273/15
Tiltakshavar: Dyrkolbotn Fjellstove v/Signhild Dyrkolbotn
Type utslepp: Gråvatn, utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. Forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5

Tiltak

Saka gjeld utsleppsløyve i samband med søknad om oppføring av driftsbygging i landbruket etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav b), i Dyrkolbotn.

Det er av tiltakshavar i brev datert 14.04.15 opplyst følgjande:

Situasjonsplanen syner også planlagt utløp for vaskevatt.

Det skal førast fram til ein liten bekk nord for avkjørsla. Det kjem noko meir vatn i denne bekken når vi får drenert ut rundt fjellstova og får samla overflatevatnet. Dette vatnet endar no opp «litt her og der», men skal samlast i same bekk.

Vaskevattet er ca 50 liter pr døgn frå mjølkeanlegget, med ca 2 dl vaskemiddel pr døgn. I tillegg kjem oppvaskvatn med Zalo frå oppvasking av ystekjel og osteformar. Toalett skal det ikkje vere på stølen. Geitene skal gå på talle i den grad dei skal vere inne, i alle høve skal golvet vere tett slik at det ikkje vert avsig.

Planstatus

Eigedomen, gbnr. 247/10, er omhandla i arealdelen til kommuneplanen for 2011-2023. Eigedomen ligg i område med føremål SN1 (spreidd næring). Eigedomen er omtala i arealdelen av kommuneplanen:

5.25 Dyrkolbotn: I område SN1 kan det førast opp bygningar og anlegg for leirstad, undervisning/konferanse, dyrehold, overnatting og servering samt personalbustad. Det kan førast opp inntil 4 nye bygningar samt utviding av eksisterande bygning. Samla nytt BYA må ikkje overstige 3000 m². Ved plassering av bygningar og anlegg skal det leggjast særleg vekt på omsynet til landskap, natur og friluftsliv. Heimel: Pbl §§ 11-11 nr. 2 og 11-9 nr. 6.

Tiltaket kjem inn under pkt. 5.25 i kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket er av landbruksavdelinga (epost datert 06.02.15) vurdert å komme inn under kategori driftsbygg i landbruket. Tiltaket krev ikkje



dispensasjon. Kommunen legg uttale frå lanbrukseininga til grunn og handsamar tiltaket etter pbl § 20-2 tiltak i landbruket.

Tekniske krav til anlegget

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Vatn og avløp (VA)

Slik vi forstår søknaden skal det leggjast inn vatn i bygget, jf. teikningsgrunnlag. Det er og planar om å sleppe ut gråvatn i bekk jf. situasjonsplan dagsett 15.04.15. Tiltaket krev utsleppsløyve i høve forureiningsforskrifta § 12.

Reinseløysing

Det er i søknad skildra direkte utslepp av gråvatn til bekk. Kommunen godkjenner ikkje direkte utslepp av gråvatn til bekk. Utsleppet kan godkjennast på vilkår av at det vert etablert slamavskiljar og sandfiltergrøft før utslepp av gråvatn vert ført til bekk.

Plassering

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve. Plassering av leidning og utsleppsstad er vist i kart datert 14.04.2015, dagsett 15.04.15.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering etter anna lovverk

Etablering av avløpsanlegg er søknadspliktig etter pbl § 20-1 med krav om ansvarsrett.

Nabovarsel

Det er ein føresetnad at utsleppet er gjort greie for i samband med varsling av driftsbygging.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve av gråvatn frå sommarstø/driftsbygging på gbnr. 247/10, utsleppsløyve vert gjeve i samsvar med uttale frå tiltakshavar datert 14.04.15. I samsvar med forureiningslova §§ 11 og 16 vert det sett følgjande vilkår til løyvet:

1. Gråvatn skal samlast i slamavskiljar dimensjonert i høve naudsynt utslepp.
2. Utløpet frå slamavskiljar skal reinsast i sandfiltergrøft dimensjonert for utsleppet, før vatn vert ført ut i bekk.

Dokumentasjon på at vilkåra er stetta skal ligge føre innan anlegget vert teke i bruk og seinast innan 01.08.15.

Slik dokumentasjon skal være:

- Oppdatert situasjonsplan som syner plassering av slamavskiljar og sandfiltergrøft evt. supplert med Fotodokumentasjon
- Erklæring frå utførande røyrleggar

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7875

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Grunna lang sakshandsaming vert det ikkje fakturert gebyr for handsaming av søknad.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.